



IEC-HUS AS
Smålonane 2
5353 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2893 - 15/28958

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
16.09.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 194/39 og 51

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.08.2015.

Vi ynskjer først å opplyse at vi er positive til dei framlagte planane. Vi finn at dette prosjektet tilfører eit estetisk «løft» i forhold til tidlegare sak. Før vi kan godkjenne søknaden er det nokre avvik i saka som må ordnast opp i.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon før søknaden vert ferdighandsama hjå byggesak:

1. UTSLIPPSLØYVE

Ansvarleg søker har i søknadsblanketten opplyst at utslippsløyve er gitt. Etter søk i våre arkiv, kan vi ikkje sjå at dette medfører riktighet. Det vises til våre brev, blant anna brev av 16.05.2014 og 28.01.2015. Vi har her bedt om tilleggsinformasjon til søknad om utslippsløyve motteken 10.12.2014, saksnr. 14/7797 og 14/1435.

Vi kan likevel ikkje sjå at vi har motteke desse tilleggsopplysningane. Utslippsløyve ligg ikkje føre pr. dags dato. Vi trenger følgjande dokumentasjon for å handsame utslippssøknaden:

- Ansvarleg søker må innhente dokumentasjon om kva slags type anlegg som skal plasserast.
- Ansvarleg søker må gjennomføre nabovarsel for utslippsløyve. Både naboeigedommar som ligg kring omsøkte tomt og naboar i strandsona, der utslippsleidningen er plassert, må varslast. Vi har berre motteke nabovarsel på veg og ikkje nabovarsel for utslippsløyve.



- Ansvarleg søkjar må innhente situasjonsplan som viser heile VA anlegget og fram til utslippsstaden samt plassering og storleik for slamavskiljaren. Det er krav om at slamavskiljaren skal plasserast maksimum 100m frå køyrbar veg og maksimum 8 m løftehøgde. Dette for å sikre at den kan tømmast innanfor den kommunale slamtømmeordninga.
- Det er uklart for oss kva for leidningar som er eksisterande og kva for leidningar som skal leggjast ned i grunnen. Vi ber at dette skilje vert skildra utførleg i situasjonsplanen.
- Då vi ikkje har fått situasjonsplan som visar heile utslippsanlegget med tilhøyrande røyrleidningar, er vi ikkje kjent med kva for eigedomar som vert omfatta av tiltaket og om alle naudsynte erklæringar er motteken. Det må dokumenterast at gbnr 194/51 (og evt. gbnr 194/34), har rett til å legge nye leidningar fram til fellesleidningen og å kunne nytta denne.
- Ansvarleg søkjer må opplyse om kor langt ut i sjø «fellesleidningen» går og kor djupt han går. Det må dokumenterast at utslippstaden i sjø oppfyller kravet om utslippsdjupne på minimum 10 m, jf. vårt brev av 16.05.2014.
- Ansvarleg søkjer må opplysa om kor mange bueiningar eksisteranse fellesleidningen er godkjent for og kor mange bueiningar som brukar denne.
- Ansvarleg søkjer må dokumentere at «fellesleidningen» har tilstrekkelige dimensjonar for det samla utsleppet og at leidningen er intakt langs heile strekninga.
- Ansvarleg søkjer må gi en tilbakemelding om gbnr 194/34 skal kople seg på anlegget når dette er ferdigstilt for gbnr 51. Det må sendes inn en eigen søknad for utslippsløyve for gbnr 194/34. Det er berre søkt om utslippsløyve for bnr. 51.
- Ansvarleg søkjer må opplyse om storleiken på utslippet i pe. Det er opplyst at anlegget er dimensjonert til 10 pe, men det er ikkje opplyst noko storleiken på utsleppet det nå vert søkt om i pe.
- Ansvarleg søkjer må innhente opplysningar om kva for noen brukarinteresse det er i området, t.d. drikkevassinteresser og badeplasser.

2. VEG

Vi trenger følgjande dokumentasjon for å handsame vegsøknaden som opplyst i tidligare brev.

- Vi legger til grunn at det er søkt om dispensasjon frå føremålet fritidsbustad og LNF i arealdelen til kommuneplanen. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanen, pkt. 1.1. Ansvarleg søkjer må sende inn «Søknad om dispensasjon frå plankravet» dersom søknaden skal handsamast.
- Ansvarleg søkjar må dokumentere at avkjørsel til privat vei oppfyller krav til kommuneplan, sjå punkt 1.8. Det må også dokumenterast at den tilfredstillar tekniske krav blant anna utforming av avkjørsel, sikt svingradius, drenering under avkjørsle og at den har snu moglegheit, sjå brev frå teknisk drift av 18.10.13.

3. PLASSERING

- Tomta er plassert i eit område med høgspenst kraftlinje. Vi føreset at tiltaket ikkje er i konflikt med høgspenst kraftlinje. Vi ber om tilbakemelding dersom dette ikkje stemmer.

4. TEIKNINGAR

- Ansvarleg søkjar må klarlegge om «framtidig bad» i bustaden skal godkjennast som bad. Dette heng saman med at vi må vite kva vi godkjenner ved søknad om ferdigattest. Vi kan ikkje utstede ferdigattest dersom bad ikkje blir bygget. Rommet kan dog godkjennast som bod og da som tilleggsareal. Dersom rommet i ein periode skal nyttast som bod/oppbevaringsrom, vil ein seinare måtte sende inn søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel dersom det skal nyttast som bad, jf. SAK § 3-1 bokstav c.

5. ANSVAR

- Ansvarleg søkjar bes om å innhente ny kvalifisert søknad i tiltaksklasse 2 om ansvarsrett for både prosjekterande og utførande arbeid innanfor arbeidsområdet til «Steinmekanikeren AS», org. Nr: 914272548. Tiltaksklasse 2 er grunna med de store terreng inngrep som skal gjennomførast.
 - Firmaet er berre gjeve sentral godkjenning for utføring av plasstøypete betongkonstruksjonar i tiltaksklasse 1 samt utføring av rivning og miljøsanering i tiltaksklasse 1, jf. Brev av 21.08.2015 frå direktoratet for byggekvalitet.
 - Firmaet er ikkje gitt sentral godkjenning for utføring av innmåling og utstikking av tiltak i tiltaksklasse 1 samt utføring av grunnarbeid og landskapsutforming i tiltaksklasse 2. Direktoratet finner heller ikkje grunnlag for å innvige godkjenningsområdet i en lavere tiltaksklasse. Da firmaet ikkje har sentral godkjenning for søkt arbeid samt at arbeidet ansees å være i tiltaksklasse 2, gis ikkje firmaet lokal godkjenning.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.11.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Vi ønskjer at alle avvik blir innsendt samla. Dersom avvika ikkje blir retta innanfor fristen, vert saka arkivert utan handsaming. At saka vert arkivert utan handsaming, betyr at det må innsendast ein ny komplett byggesøknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Tone Margrethe Bærland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Jan P. Løkkebø Samuelsen og
Merethe C. Hagewick-Samuelsen

Storneset 8

5915

HJELMÅS

Mottakrar:

IEC-HUS AS

Smålonane 2

5353

STRAUME